

Tur frå Raunes til Stråtveit

Ta av ved Knapphus og inn på RV 46 mot Nedre Vats. Følg vegen 5 km til Kårhuskrysset - der tar du av til høgre og følg vegen 5 km heilt ut til Raunes. Like før du kjem til AF Decom sin Miljøbase på Raunes, ser du info.tavle og namneskilt til Stråtveit på høgre sida av vegen. Rett over til venstre ser du eit busskur og eit P-skilt for parkering hos Johnny og Brynhild Frøland. Her kan du setja bilen frå deg og gå til Stråtveit på god skogsbilveg. Du kan også kjøra bil heilt fram mot å betala bompengavgift i boks om lag 150 m lenger oppe på vegen.

Bompengavgift: 30 kr. som du legg i konvolutt i eigen boks.

NB: Vegen er stengt for bilar frå 10. sept. og fram til påsketid, men vegen er open for fotturistar heile året.

Tur til Stråtveit.

Start: Raunes ved info.tavle og skilt til Stråtveit.

Parkering: Ja, på venstre side ved busskur – tvers over vegen før du svingar opp til Stråtveit hos Johnny og Brynhild Frøland. Du kan også kjøra til Stråtveit og parkera der mot å betala avgift. (Sjå tekst om opplysningar nedanfor)

Avstand: 4 km

Tidsbruk: 1 t ved vanleg gange å gå heilt fram til sjølve gardshusa..

Vanskegrad: Grøn / blå tur – fin familietur.

Terreng: Bilveg heilt fram – har nokre bratte parti.

Vegen er god å gå på sjølv om dei bratte bakkane kan vera noko tunge for dei minste. Fin Familietur.

Opplysningar: Vegen er open for biltrafikk sommarstid, men dette er ein **bomveg**.

Bompengavgift- 30,- kr som du betaler i eigen kasse om lag 150 m lenger oppe frå avkjørsla.

Vegen er stengt for biltrafikk frå 10. sept. til påsketider, men er elles open for turgåande heile året.

God parkeringsplass nede ved vegen om du vil gå inn til Stråtveit. Fin familietur. Stråtveit er ein stor gamal fråflytta gard som var veglaus før. (Sjå kort historikk i eige skriv nedanfor.)

Dei mange gamle bygningane på garden Stråtveit er renoverte og sette i god stand. Her er det lagt til rette med **god grillplass** og ei **stor informasjonstavle**.

Det er laga til gode turstiar med opplysningsskilt og informasjon om mange ulike treslag, om dyreliv og om bygningar du ser langs stien.

På fine dagar er dette som å gå gjennom ein trolsk eventyrskog.

Ta gjerne ein tur heilt ned til naustet.

Sjå informasjon om Stråtveitgarden nedanfor.

Fottøy: Vanlege sko.

Kort historikk om Stråtveitgarden:

Stråtveitgarden er ein av dei største gardane i Vats med om lag 5000 mål totalt og kan først attende til 13 – 1400 talet. Som odelsgard har han historie frå 1692.

Garden vart kyrkjegods på 13 – 1400 talet. Under reformasjonen i 1537 overtok kongen kyrkjegods og då vart Stråtveit krongods.

Då Kongen av Danmark trong penger til krigar i 1690-åra, vart dei fleste krongods selde for å skaffa penger til kongen. Garden vart seld til Nils Larsen Raunes i 1692.

Garden har vore i Stråtveitslekta i 280 år – frå 1692 til 1972.

Dei siste som budde på garden, flytta i 1957. Garden låg ”brakk” frå 1957 til 1972 då A/S Norske Skog kjøpte garden. Då trong husa renoverast utvendig for å hindra forfall. Då vart det laga nye tak og ny bordkledning på ytterveggene på fleire hus.

Husa på garden: Det er 14 bygningar på garden. Hovudhusa som står i dag, er frå 1800-talet. Mange hus på garden: Stovehus, løe, fjøs, stabbur, folgehus, smie, kvernhus, eldhus, treskeløe, sirkelsag, vedhus, uteløer og naust.

Husmannsplasser: Det var 6 husmannsplasser på Stråteit:

Havn, Hummervik, Greburhaugen, Lunden, Krekjen og Brattestø.

Garden var veglaus fram til 1970-talet då A/S Norske skog overtok garden.

Telefon: Lars Stråtveit la opp ei 8 km lang telefonlinje frå telefonsentralen i Åmsosen allereie i 1928.

Skulegong for borna på Stråteit: Det var omgangsskule her. Læraren budde på garden i 3 – 4 veker og underviste borna i stova. Faga var lesing, skriving, rekning, religionsopplæring med katekisma m/forklaringar + pugging av salmevers.

Dette varte fram til langt på 1900-talet. Seinare måte borna inn til Indreland skule (Soltveit skule). Det var lang og kronglete skuleveg for borna.

Folket på garden levde godt på det garden gav:

Garden var eit sjølvbergingsbruk, dvs. dei var sjølvhjelpne med det meste og brukte og utnytta det naturen kunne gi dei – dei hadde naturalhushald, men etter kvart vart det kjøp og sal av produkter dei trong. Dei hausta meir frå jordbruk, husdyrhald, skogbruk, jakt i fjellet og fiske i fjorden enn det dei trong sjølv. Dermed kunne dei selja «overskotsprodukter» og ha ei viss inntekt som kunne nyttast til kjøp av andre varer til familien.